



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 25.03.2021
Møtestad: Bryggjeslottet på Mo
Møtetid: 09:00 - 15:00

**Orientering om utviklingsprosjekt NAV Nordhordland
v/Aina Merete Steinsland**

**Orientering om Klimapartnere Vestland
v/Renate Nedregård**

**Etter kommunestyremøtet vert det temamøte om
rekrutteringsstrategi for sjukepleiarar.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
010/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/2021	Godkjenning av møteprotokoll
012/2021	Orienteringssaker
013/2021	Val av nytt medlem til kontrollutvalet for kommunestyreperioden 2019 - 2023
014/2021	Storingsvalet 2021 - Valkrinsar - Elektronisk avstemming
015/2021	Val av røystestyre for 2021 - 2023
016/2021	Kommunal planstrategi 2020 - 2023
017/2021	Saksframlegg retningsline for ungjobb 2021

17. mars 2021

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/66

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	21/66

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 18.02.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/66

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
012/2021.1	Kommunar som har samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om drift av Etablerersenteret, 2017 – 2020,

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Kommunar som har samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om drift av Etablerersenteret, 2017 – 2020,

Aktivitetsrapport 2020 - Etablerersenteret.pdf

Etablerersenteret i sosiale media 2020.pdf

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2021	Formannskapet	PS	09.03.2021
013/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Val av nytt medlem til kontrollutvalet for kommunestyreperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Hallgeir Neset vert friteken frå sitt verv i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 - 2023.

...vert vald som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hallgeir Neset som vart vald inn som fast medlem i kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 har flytta ut av kommunen, og har med dette som bakgrunn søkt om å bli friteken for vervet.

Vurdering

Ein føresetnad for å bli vald som medlem i eit folkevald kommunalt organ er at ein er innbyggjar i kommunen. Flytting til ein anna kommune i løpet av perioden ein er vald inn vil difor automatisk vere gyldig og god nok grunn til å bli friteken for vervet.

På grunn av krav om kjønnsbalanse i kommunale organ, bør det nye faste medlemmet i kontrollutvalet vere ei kvinne. Det er naturleg at ein av varamedlemene vert nytt fast medlem.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Hallgeir Neset vert friteken for vervet i kontrollutvalet, og at det vert valt inn nytt fast medlem til utvalet. Kontrollutvalet har tre varamedlemer, og rådmannen foreslår at ein av desse vert nytt fast medlem. På grunn av kravet om kjønnsbalanse i kommunale organ tilrår rådmannen at kommunestyret vel anten Linda Tollefsen Ås eller Aud A Steinsland som nytt fast medlem i kontrollutvalet. Rådmannen vurderer at det ikkje er naudsynt å velje nytt varamedlem til kontrollutvalet, men dette står kommunestyret fritt til å gjere dersom ein ynskjer det.

Formannskapet - 009/2021

FOR - behandling:

Ordfører orienterte om saka og la fram forslag om Linda Tollefsen Aas som nytt fast medlem
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Hallgeir Neset vert fritaken frå sitt verv i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 - 2023.

Linda Tollefsen Aas vert vald som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2021	Valstyret	PS	09.03.2021
014/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Stortingsvalet 2021 - Valkrinsar - Elektronisk avstemming

Forslag til vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Før Stortingsvalet 2021 skal kommunestyret avgjera kor mange valkretsar ein skal ha i kommunen, jfr. Vallova § 9-3. Folkeregistermyndet skal vera orientert om endringar i røystekrinsinndeling innan 31. mars i valåret. Modalen kommune har hatt 2 valkretsar.

Nokre praktiske rutinar i høve avvikling av val har blitt endra dei siste åra, bl.a. tydlegare krav til universell utforming av vallokale og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Vurdering

Det er om lag 300 røysteføre innbyggjarar i Modalen kommune.

Utifrå tal røysteføre er behovet for 2 valkretsar soleis ikkje naudsynleg, men avstand og dårleg intern offentleg kommunikasjon veg imot. For å effektivisera arbeidet med avvikling av val, kan reduksjon av tal kretsar vera positivt. Det vil bli ferre personar involvert i røystestyra og ferre vallokale å administrera. Kommunen har i dag sentral samla teljing. Modalen kommune er opptatt av å ha høg valdeltaking, og ved samanslåing av kretsar kan ein risikera at detakinga går ned.

Modalen kommune har innført elektronisk avkryssing på valdagen. Dette letta arbeidet monaleg for røystestyra og administrasjonen på valdagen, og redusera feilkjelder ved kryssing i manntalet. Modalen kommune har hatt elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsrøysting, og har gode røynsler med dette.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er det ein føresetnad med stabil nett tilgang i vallokalet, og ein må ha nokre pc`ar disponible for valfunksjonærane.

Det vil framleis vera høve å førehandsrøysta før valet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at ein vidarefører å ha to røystekrinsar, og at ein legg til rette for opplæring og bruk av ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Valstyret - 005/2021

VS - behandling:

Samrøystes vedteke

VS - vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland.

Det skal nyttast elektronisk avkryssing på valdagen.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-011	21/26

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2021	Valstyret	PS	09.03.2021
015/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Val av røystestyre for 2021 - 2023

Forslag til vedtak:

Medlemmer til røystestyre, Øvre Helland 2021 - 2023

Medlem: Siv Aina Gullbrå

Medlem: Vidar Reknes

Medlem: Aud Sonja Fjellanger

Leiar.... Nestleiar....

Medlemmer til røystestyre. Mo 2021 - 2023

Medlem: Jarle Midtun

Medlem: Terje Øvre Helland

Medlem: Rannveig Irene Eir Vold

Leiar..... nestleiar.....

Saksopplysningar:

Det skal vera eit røystestyre med minst 3 medlemmer som administrera stemmegivinga på kvar røystestad. Medlemmene i røystestyret vil etter kommunelova vere folkevalde, og reglane i kommunelova om rettar og pliktar for folkevalde gjeld for medlemmane.

Kommunestyret fastset kor mange medlemmer det skal vera i røystestyra.

Røystestyret kan setjast saman av kommunalt tilsette og/ eller politikarar. Dersom ein vel politikarar, bør ein syte for ei samansetjing med representantar frå fleire parti. Ein kan og velje personar som ikkje er politikarar, så lenge dei er folkeregisterført som busette i kommunen. Kommunestyret vel medlemmer til røystestyra og leiarar/nestleiar. Val av røystestyret kan delegerast til valstyret.

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2021, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Det blir tilgang på 2 stk. PC'ar til bruk i vallokala.

Valstyret - 009/2021

VS - behandling:

Samrøystes vedteke

VS - vedtak:

Medlemmer til røystestyre, Øvre Helland 2021 - 2023

Medlem: Siv Aina Gullbrå

Nestleiar: Vidar Reknes

Leiar: Aud Sonja Fjellanger

Medlemmer til røystestyre. Mo 2021 - 2023

Leiar: Jarle Midtun

Medlem: Terje Øvre Helland

Nestleiar: Rannveig Irene Eir Vold

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-140	19/198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Kommunal planstrategi 2020 - 2023

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vidarefører gjeldande kommuneplan utan endringar for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Modalen kommune vedtek framlegg til «Kommunal planstrategi 2020 – 2023» slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

I samband med at kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi skal det også vurderast og takast stilling til om kommuneplanen skal reviderast.

Førmålet med kommunal planstrategi er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som ein tidligere fann i plan- og bygningslova. Planstrategien er eit grunnlag for å beslutte kva planbehov Modalen kommune har, samt ynskjer å prioritere for kommande kommunestyreperiode.

Bakgrunn

Proessen fram til kommunal planstrategi som her ligg føre har gått føre seg sidan hausten 2019 då avgåande kommunestyre evaluerte gjeldande kommuneplan og om det var forhold som tilsa behov for revidering/ny kommunal planstrategi. Dette var innspel som nytt kommunestyre kunne ta med seg i si vurdering i arbeidet med planstrategi. Det vart i tillegg gjennomført ei administrativ evaluering kor rådmannen konkluderte med at gjeldande kommuneplan burde vidareførast utan endringar. Det vart gjennomført eit arbeidsmøte i planutvalet (formannskapet) 8. september 2020.

Formannskapet handsama framlegg til kommunal planstrategi i møte 22.10.20 og gjorde følgende vedtak:

Modalen kommune legg kommunal planstrategi 2020 – 2023 ut på høyring i 30 dagar før endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. Framlegget vert i tillegg sendt til omliggande kommunar og regionale og statlege mynde for innspel.

Formannskapet bed om at revisjon av kommunen sin miljøplan - klima og energi frå 2010 vert lagt inn inn i planstrategien i 2022.

Det kom innspel til planen frå Fylkesmannen i Vestland (no Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Innspelela har blitt vurdert i samband med framlegg som no ligg føre og er ytterlegare gjort greie for i vedlegg til saka.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det gjennom gode drøftingar og viktige innspel har gått føre seg ein prosess som har ført fram til framlegg til kommunal planstrategi for Modalen kommune som speglar dei utfordringar og utviklingstrekk kommunen står framføre i inneverande kommunestyreperiode. Rådmannen vurderer i tillegg at det har gått føre seg ein god prosess med omsyn til vurdering av om gjeldande kommuneplan bør reviderast fullt ut, delvis reviderast eller vidareførast utan endringar.

Konklusjon

Rådmannen konkluderer difor med at kommunestyret gjer vedtak om å vidareføre gjeldande kommuneplan slik han ligg føre, samt vedtek framlegg til kommunal planstrategi 2020 - 2023 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Høyring - kommunal planstrategi - 2020 - 2023 - Modalen kommune

AcosSvarInn.xml

Uttale - Offentleg ettersyn - Modalen - kommunal planstrategi - 2020 - 2023

AcosSvarInn.xml

Høyringsinnspel til Modalen kommune sin planstrategi for perioden 2020-2023

Høyringsinnspel til Modalen kommune sin planstrategi for perioden 2020-2023

Vedlegg - høyringsinnspel med vurderingar

Kommunal planstrategi 2020 - 2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-416	20/375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2021	Kommunestyret	PS	18.02.2021
017/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Saksframlegg retningsline for ungjobb 2021

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek retningsline for ungjobb 2021 slik ho ligg føre.

Saksopplysningar:

Det er no mange år sidan ordninga med ungjobb/sommarjobb vart etablert i Modalen. Ordninga har vore eit tilbod til unge frå 16 år kor dei har tatt del i ulike kommunale oppgåver gjennom sommaren. Føre politiske handsaming/orientering vedr. ordninga vart gjort som referatsak i formannskapet i 2010.

Rådmannen fann at det var grunnlag for å vurdere sider ved ordninga slik at erfaringar over tid kunne bidra til naudsynte oppdateringar og endringar. For å vere tydeleg og informativ ovanfor både ungdom og tilsette i kommunen vart det i leiar møte 17.06.20 beslutta å gjennomføre slik evaluering som skulle munne ut i retningsliner for ungjobb. Rådmannen ynskjer med dette å leggje fram retningsline for ungjobb for kommunestyret til handsaming.

Bakgrunn

Leiar for kundetorget Anneli V. Lillevedt og ass. rådmann Ove Sæbø har administrert evaluering og utarbeiding av ny retningsline. Undervegs i arbeidet har det kome innspel frå leiarane (alle einingane), reinhaldsavdelinga (teknisk etat), uteavdelinga (teknisk etat) og hovudtillitsvaldgruppa inkl. hovudverneombodet. Ungdomskoordinator presenterte utkast for ungdomsklubben 29. januar 2021. Her må det understrekast at det var få unge som møtte. Det var i tillegg planlagt å be om at ungdomsrådet også kunne handsame utkast, men av ulike grunnar har ikkje rådet vore operativt det siste året. Rådmannen vil peike på at det vil vere ynskjeleg å få lagt fram retningslina for handsaming i ungdomsrådet om og når dette er mogleg. Deretter er det mogleg å gjere ei ny handsaming i kommunestyret.

I arbeidet vart det drøfta sentrale problemstillingar som:

- Føremål med ungjobbordninga
- Kva oppgåver som skal løysast av ungjobbarane
- Kven som skal kunne søkje og få tilbod om jobb
- Korleis stille gode og fornuftige krav til søkjarar
- Kva ansvar skal liggje på arbeidsgjevar – ulike oppgåver på ulike ansvarspersonar
- Korleis administrere ordninga på ein god måte
- Erfaringar og innspel

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det er gjennomført eit evauleringarbeid kor mange har gjeve gode innspel. Det er ein svakheit at ikkje ungdomsrådet har fått kome med sine innspl, men det kan takast opp att ved eit seinare høve.

Konklusjon

Rådmannen rår kommunestyret til å vedta retningsline for ungjobb 2021 slik ho ligg føre.

Kommunestyret - 007/2021

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.

Kristin Nåmdal fremja forslag om utsetjing av saka. På grunn av at ungdomsrådet ikkje er vald og konstituert, så har ikkje rådet fått uttale seg i saka. Kommunestyret bed om at ungdomsrådet får saka til uttale før saka kjem tilbake til kommunestyret.

Varaordførar tok utsetjingsforslaget opp til votering. Samrøytes vedteke

KS - vedtak:

Utsetje saka.

Vedlegg:

Uttale frå Modalen ungdomsråd reviderte vedtekter ungjobb

Retningsliner for ungjobb 2021

Arbeidsinstruks for sommarjobb, historisk utgåve.

Ung jobb - Sak 012/10 i formannskapet